

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 23.4.2014  
Sakhandsamar: **Hanne Løvereide Årstad**  
Saka gjeld: **Sal av eigedomar i Jondal kommune**

**Arkivsak**  
2012/676/  
**Styresak 058/14**

**Styremøte 09.05. 2014**

---

## Forslag til vedtak

1. Styret sluttar seg til sal av eigedommane i Jondal kommune i tråd med vedtak gjort av Helse Fonna HF 28.11.2012 og føringar gitt av styret i møtet 21.3.2014.
2. Styret føreset at eigedommane blir selt til Jondal kommune i tråd med vilkåra som går fram i saka og at Riksantikvaren blir underretta om overdraginga.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endelig godkjenning av sal av eigedommane.

## Oppsummering

Helse Fonna HF ønskjer å selje Jonatunet i Jondal kommune. Det har ikkje vore pasientbehandling ved Jonatunet sidan 2009 og føretaket har ingen planar om bruk av eigedommen. Det blir i saka gitt tilråding om sal av eigedommane.

## Fakta

Jondal sjukehus for tuberkuløse blei opna 1.juli 1934. Frå slutten av 1950-talet og fram til 2009 har Jonatunet vore nytta til behandling av pasientar med psykiske lidingar.

Styret i Helse Fonna handsama 25.9.08 sak 58/08 omstilling/utvikling av psykisk helsevern for vaksne i Helse Fonna HF, og vedtok å gi administrasjonen fullmakt til å fullføre omstillinga av psykisk helsevern for vaksne. Omstillinga førte til ei halvering av talet på sengeplasser ved Jonatunet i 2008 og ei flytting av aktiviteten til Odda/Valen sjukehus i 2009. Etter dette har det ikkje vore pasientbehandling ved Jonatunet, og Helse Fonna har ingen planar om bruk av eigedommane i Jondal kommune.

Styret i Helse Fonna HF gjorde i styremøte 28.11.2012 følgjande vedtak i sak 87/12 B, Sal av eigedomar i Jondal kommune:

1. Styret i Helse Fonna HF rår til å selja alle eigedommane som Helse Fonna HF eig i Jondal kommune.
2. Saka skal sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

Saksførelegget for nemnde styresak sak 87/12 B (Helse Fonna HF) følgjer vedlagt.

## Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøte i det einskilde helseføretak, etter forslag frå styret. Sal av eigedomar over 10 millionar skal leggjast fram for departementet. Denne saka skal handsamast av Helse Fonna sitt føretaksmøte.

### Om eigedommane:

Jonatunet består av fire bygningar. Da saka var handsama i styret til Helse Fonna HF stod eigedommen med ein samla bokført verdi på kr 14 011 763,-. Det blei i 2012 gjennomført ei nedskrivning, og den bokførte verdi for eigedommane er i mars 2014 kr 2.169.824,-. Det føreligg ikkje ein verditakst av eigedommane.

Hovudbygget har to fløyer med grunnplanet orientert mot sørvest. På nedsida mot hovudvegen ligg eit kombinert kapell og garasjebygg. Ein nyare personalbustad (Hagamyr) ligg tilbaketrekt eit stykke aust for hovudbygget.

Helse Fonna eig i tillegg naust med sentral plassering og ei hytte. Systerhytta er bygd av HSD og blei nytta til knottproduksjon under krigen. Den blei seinare gjeven som gåve til tilsette ved Jonatunet.

På grunn av alder og tilstand er det i dei komande åra store behov for vedlikehald, eventuell utskifting av bygningsdelar og større parkmessige inngrep, noko som vil påføre Helse Fonna HF store kostnader. Jonatunet er omfatta av freding i verneklasse 1. Fredinga gjeld eksteriør på hovudbygg, kapell/garasje og lager. Parkanlegg er også omfatta av freding. Hovudbygget sitt interiør er i tillegg omfatta av verneklasse 2 – bevaring.

I forskrift av 9.11.2011 om freding av statens kulturhistoriske eigedommar § 1-7, er det fastsatt at Riksantikvaren er forvaltningsmyndighet etter forskrifta. I Kgl.res av 15.8.2006 om overordna føresegner om forvaltning av statlege kulturhistoriske eigedommar, er det mellom anna (pkt 5) fastsett at det skal utarbeidast forvaltningsplan for kvar enkelt av dei kulturhistoriske eigedommane. Kravet om at det skal utarbeidast forvaltningsplanar er også formidla til helseføretaka i styringsdokument. Helse Fonna har utarbeida forvaltningsplan for eigedommen.

Det følgjer av forskrifta § 1-6 at eigar er ansvarleg for at Riksantikvaren i god til før overdraging blir underretta om denne. Dette kravet er grunngeve i at fredinga skal tinglysast når eigedommen går ut av statleg eige. Dette har blant anna samanheng med at Riksantikvaren etter eit sal ikkje lenger vil vere forvaltningsmyndighet.

Forvaltningsmyndigheita blir då flytta til regional kulturminnemyndigheit, dvs. fylkeskommunen si kulturminneavdeling.

#### Dialog med Jondal kommune:

I tråd med dei føringar eigar har gjort om dialog med kommunar om eigedommar som er planlagde for sal, har Helse Fonna HF vore i dialog med Jondal kommune ved ordførar. Dialogen har gått ut på å finna ei løysning for at kommunen kunne kjøpe eigedommane, og vilkåra for dette. Det har og vore ei synfaring på Jonatunet kor representantar frå kommunen og helseføretak var til stades. Saka har vore handsama i kommunestyret ved fleire høve. Styret i Helse Fonna HF er informert om saka og prosessen.

I sak 22/14 0 den 21.3.2014 orienterte administrerande direktør styret i Helse Fonna HF om forslag til formuleringar i kjøpekontrakt som er tilrådd av Helse Fonna sin advokatkontakt. Vilråda som det er gjort framlegg om å ta inn i kontrakten, er ei regulering av kva som skal skje ved vidaresal. Om Jondal kommune vidaresel heile eller deler av eigedommane skal overskotet ved slikt vidaresal delast med 50% til kommunen og 50% til Helse Fonna HF. Som vidaresal reknast og frådeling og utparsellering av tomter. Dersom delar av eigedommane blir vidareselt, eller det blir utparsellert tomter eller større tomteområder frå eigedommane, skal overskotet reknast forholdsmessig ut frå størrelsen på eigdommen. Det er vidare tatt inn formuleringar om korleis overskotet skal reknast.

Vidare er det tatt inn liknande formuleringar dersom kommunen inngår avtale om bortfeste av eigedommane. Vilråda skal gjelde for ein periode på 10 år frå tinglysning av heimsoverføring.

Styret i Helse Fonna HF aksepterte forslaget og ga administrerande direktør fullmakt til vidare dialog med Jondal kommune om sal av eigedommane, og fullmakt til å sende tilråding til Helse Vest RHF.

Jondal kommune har i brev av 9.4.2014 akseptert formuleringane om forslag til vilkår i kontrakten og føreslått kr 700 000,- for eigedommane.

Jondal kommune ønskjer å vidareselje Jonatunet til Hardangerakademiet ( Nordisk Fredsakademi) Akademiet ønskjer å bygge opp eit senter for fred, utvikling og miljø. Helse Fonna meiner at dette kan leggje til rette for bruk av bygningane på ein måte som vil komme samfunnet til gode.

## **Konklusjon**

Med bakgrunn i at Helse Fonna HF ikkje kjem til å nytta eigedommane og at dei har funne ei løysing med Jondal kommune om kjøp av eigedommane tilrår administrerande direktør at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eigedommane. Ein legg til grunn at eigedommane blir selt til Jondal kommune med dei forslag til vilkår i kontrakten som går fram av saka, og at Riksarkivaren blir underretta om overdraginga.

Vedlegg: Styresak 87/12 B ( Helse Fonna) Sal av eigedommar i Jondal kommune.